

Stifoss kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå utbyggjar AS Egeland's Verk

01.10.2024

Bystøl AS/Jens A. Melheim

Innhold:

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til hver høringsuttale**

1. Generelt

Detaljplan for Miljø og Landskap for bygging av Stifoss Kraftverk har vore ute på høyring til Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag, Risør kommune, Gjerstad kommune, Statsforvalteren i Agder og Agder Fylkeskommune. NVE har mottatt høringsuttalar fra samtlige utenom Statsforvalteren i Agder og oversendt disse til utbygger, AS Egeland's Verk, for kommentar. I tillegg har Kjell Olav Masdalen og ekteparet Watts gjeve høringsinnspel. Høringsuttalane har vært gjennomgått av Bystøl, som tidligere har utarbeida detaljplanen.

[illegible]

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		4 Kulturmiljø og historiske bygg: - Området er foreslått som hensynssone for bevaring av kulturmiljø, og tiltakene må ta hensyn til stedets historiske karakter. - Kommunen krever at eksisterende bygningsmasse skal beskyttes, og sprengningsarbeid må dokumenteres både før og etter for å unngå skade. 5 Forurensning og skilting: - Detaljplanen inneholder tiltak for å hindre forurensning til grunn og vann, samt overvåking av anleggsvirksomheten. - Kommunen ber tiltakshaver vurdere endringer i skilting for å tilpasse den til kommunens regler om skilting og reklame. 6 Krav til materialvalg: - Kommunen foreslår å bytte ut planlagt bruk av Corten-stål til et mer passende materiale som harmonerer bedre med kulturmiljøet. 7 Konklusjon: - Gjerstad kommune mener planen balanserer moderne utbygging med vern av miljø- og kulturverdier. - Kommunen anser planen som tilfredsstillende, forutsatt at alle krav blir ivarettatt i henhold til	-OK. Vi meiner omsøkt utbygging er godt tilpassa kulturmiljøet og tek vare på industrimiljøet gjennom ny bruk. -Eksisterande bygningsmasse vil bli beskytta mot vibrasjonar frå sprenging og vil ikkje bli råka av utbygginga. Vibrasjonmåler vil bli plassert på Sliperiet for å dokumentere at grenseverdier ikkje blir overskredne. Tilstanden før og etter anleggsarbeidet vert dokumentert av fagfolk innan taksering/tilstandsvurdering. Det er ikkje planlagt tiltak på bygningen. -Det stemmer -Vassdragsskilting vil følgje malen til NVE. Anna skilting av kraftverket vil bli tilpassa kommunens regler. -Bech Arkitekter har følgjande merknad til materialval: «Cortenstål fremstår som materiale avdempet og faller naturlig sammen med tegl. Sink har en lysere overflate og kan selv etter patinering reflektere solen. Valg av Corténstål på takhatt, sikre at skyggevirksomheter ikke oppstår i motsetning til Sinusplater»

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		dispensasjoner og relevant lovverk.	
2	Risør kommune	1. Vern av bevaringsverdige bygninger: - I henhold til Risør kommunes kommuneplan, § 2-12 b, skal bygninger og anlegg av antikvarisk verdi, spesielt de bygd før 1900, bevares. - Utbedringer kan gjennomføres så lenge bygningens eksteriør opprettholdes eller tilbakeføres, og eventuelle tilbygg skal være godt tilpasset det eksisterende bygningsmiljøet. 2. Tilpasning til lokal tradisjon og terreng: - Stifoss er et verdifullt, industrielt kulturminne, og nye tiltak må tilpasses i form, volum, materialbruk og utforming. - Risør kommune ber NVE stille krav om at kraftverket utformes i tråd med lokal tradisjon og tilpasses de gamle bygningene. 3. Sikring av bygninger: - I henhold til plan- og bygningsloven § 31-1 ber Risør kommune om at NVE stiller krav om sikring av bygningene for å forhindre fare eller skade, og for å bevare kulturminneverdiene.	- Eksisterende bygninger vert ikkje råka. Nye bygningar vert tilpassa kulturmiljøet. - Kraftstasjonsbygget er i stor grad formgjeve av turbinen og tekniske installasjoner i bygningen. Materialval og arkitekttonisk utforming er utført av arkitekt med bakgrunn og fagleg interesse i kulturminner. Arkitekten har etterstreba balanse mellom tilpassing til eksisterende bygningsmasse og samtidig eit moderne uttrykk jamfør Venezia-charteret. Det skal ikkje vere tvil om at kraftstasjonen er ny samtidig som den føyer seg inn i industrikulturmiljøet. - Eksisterende bygningsmasse er ikkje ein del av kraftverks-utbygginga og ligg utanfor tiltaksområdet. Fysiske tiltak på bygningane er ikkje planlagt. AS Egeland's Verk er klar over at dei som eigar av bygningsmassen pliktar å halde byggverk og installasjonar i forsvarleg stand, jamfør plan- og bygningsloven § 31-1.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		4. Støtte til Gjerstad kommunes uttalelse: • Risør kommune stiller seg bak uttalelsen fra Gjerstad kommune. • Kommunen oppfordrer til dialog med Fortidsminneforeningen, avd. Aust-Agder, som har stor kompetanse om anlegget. -	- Bygningane vert sikra mot vibrasjonar ved forsiktig sprenging og grenseverdiane vert overvåka med vibrasjonsmålar. - Vi opplever Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag til å vere ein interesseorganisasjon for bevaring av kulturminner som ikkje ser heilskapen og kompleksiteten i eit kraftverksprosjekt. - Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag er også høyringspart i utbyggingsprosjektet og deira innspel vert vurderte. - Ved eventuell utbetring av bygningsmassen vil AS Egeland's Verk ta kontakt med Fortidsminneforeningen.
3	Agder Fylkeskommune	1 Fysiske tiltak i vassdrag: - Det planlegges en midlertidig tilkomstvei til kraftstasjonen som inkluderer et vad over elva. - Agder fylkeskommune påpeker at slike tiltak kan forringe produksjonsmulighetene for fisk og vannlevende organismer, men anser at omfanget er begrenset.	

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		- For å minimere negative konsekvenser foreslår de at tiltaket gjennomføres mellom juli og september, eller ved lav vannføring, for å redusere partikkelspredning. 2. Nyere tids kulturminner: - Fylkeskommunen støtter Risør og Gjerstad kommuners innspill om å bevare og sikre eksisterende bygningsmasse på Stifoss, som har stor lokal- og regionalhistorisk verdi. - Det er viktig at den nye kraftstasjonen tilpasses eksisterende bebyggelse, og fylkeskommunen anbefaler at den får en enklere utforming, tilpasset de verneverdige bygningene. 3. Sikring av bygningsmassen: - Det understrekes at arbeider nær bygningsmassen må utføres svært forsiktig. - Bygningene må sikres og stabiliseres før sprengningsarbeid påbegynnes for å unngå at eksisterende skader forverres.	-Tiltak i elv vert gjennomført i periodar med låg vassføring og fortrinnsvis i perioden mellom juli og september. - Tiltaket omfattar ikkje eksisterande bygningsmassen utover at sprenging og anna arbeid ikkje skal påverke eksisterande bygg negativt. - Kraftstasjonsbygget er i stor grad formgjeve av turbinen og tekniske installasjoner i bygningen. Materialval og arkitekttonisk utforming er utført av arkitekt med bakgrunn og fagleg interesse i kulturminner. Arkitekten har etterstreba balanse mellom tilpassing og moderne utrykk jamfør Venezia-charteret. Det skal ikkje vere tvil om at kraftstasjonen er ny samtidig som den føyer seg inn i industrikulturmiljøet. Kraftstasjonen har ein enkel utforming og ved å utelate takrenner og takutstikk, reduseres skyggevirkninger, og bygget fremstår mest mulig avdempet. Bruk av skjermtegl og cortenstål har vore brukt med suksess i Danmark på nye bygg inntil verna bygg av teglstein: https://www.larkitekter.dk/kannikegrden-en-0 - Sprenging nær kulturminne vert utført forsiktig og overvaka med vibrasjonmålarar. - Bygningsmassen er utanfor tiltaksområdet og ikkje ein del av prosjektet. Byggherren er klar over at dei som eigar av bygningsmassen pliktar å halde byggverk og installasjonar i

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		4. Bevaring av rørtrase og tømmerrenne: - Fylkeskommunen oppfordrer til å bevare deler av den gamle rørtraseen og tømmerrennen, som et historisk spor. - De ber om at disse anleggene dokumenteres grundig før eventuell fjerning, slik at de kan brukes i formidlingssammenheng. 5. Bruk av massedeponier: - Fylkeskommunen støtter Fortidsminneforeningens forslag om at overskuddsmassene kan brukes til å etablere en flomvern-buffersone mellom vassdraget og bygningsmassen.	forsvarleg stand, jamfør plan- og bygningsloven § 31-1. - Deler av den gamle røygata og tømmerrenne utanfor tiltaksområdet vert ikkje råka. Innanfor tiltaksområdet er riving naudsynt for å etablere nytt trykkroyr og veg til kraftverket i samsvar med konsesjonen. - Dokumentasjon av kulturminne er utført i samsvar med krav i konsesjonen av fagfolk i Asplan Viak, avdeling Arendal. - Viser til svar til Gjerstad kommune ovanfor.
4	Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag	1 Bevaring av kulturmiljø: • Foreningen understreker den store lokale og regionale verdien av kulturmiljøet ved Stifoss og støtter Gjerstad kommunes krav om bevaring av eksisterende kulturminner.	- I Bakgrunn for vedtak for konsesjonen, under Post 6 står det «<i>Ombygging av Stifoss kraftverk er i konflikt med de gamle industribygningene på Stifoss som er tillatt revet. Dette er kulturminner som viser en del av den historiske utnyttelsen av vassdraget. NVE pålegger konsesjonæren å dokumentere og kartfeste dette industrimiljøet og utnyttelsen av vassdraget på stedet, for ettertiden.</i>» Gjerstad kommune har stilt krav om at «eksisterende bygningsmasse blir ivaretatt og og ikke blir skadelidende.» Utbygger har forstått kravet slit at <u>bygningmassen</u> ikkje skal bli råka og ikkje skal blir skadelidande av til dømes sprenging. Kulturminner som eksisterande rørgate og tømmerrenne må fjernast for å få plass til ny rørgate og vei

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		- Ny bygningsmasse må tilpasses den historiske bebyggelsen, og tiltak må gjennomføres for å stoppe forfallet av bygningene. 2 Massedeponi og flomvern: - Foreningen foreslår en alternativ bruk av massedeponier for å skape en flomvern-buffer rundt kulturminnene. - De ber om at massedeponiene i Gjerstad og Risør blir dekket med vekstjord og brukes som buffer mot fremtidig flom.	og inntaket må byggast om. Dette er i tiltak som er i samsvar med konsesjonen. - Ny kraftstasjon er tilpassa av arkitekt Thomas Bech, (arkitekt utdanna ved "Institut for arkitektonisk kulturarv og transformation, fra Arkitektskolen i Aarhus, DK), som har følgjande kommentar til bruk av Cortenstål: «Cortenstål fremstår som materiale avdempet og faller naturlig sammen med tegl. Sink har en lysere overflate og kan selv etter patinering reflektere solen. Valg av Corténstål på takhatt, sikre at skyggevirkinger ikke oppstår i motsetning til Sinusplater.» Viser videre til merknaden til Agder Fylkeskommune. - Viser til kommentar til Gjerstad kommune.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		3 Tilpasning til lokal byggeskikk: - Ny kraftstasjon må tilpasses den eksisterende industribebyggelsen (Sliperiet og Tørkeriet) i materialvalg, takutforming og detaljer som ventilasjon og vinduer. - Cortenstål frarådes, og taket bør heller utformes med sink eller bølgeblekk for å harmonere bedre med den eksisterende bygningsmassen. 4 Veibygging og tilgang: - Foreningen ber om at veien til Sliperiet bygges samtidig som resten av anlegget, for å sikre vedlikehold og tilgang til de verneverdige bygningene i fremtiden. 5 Sikring mot forfall: - Det er viktig å sikre eksisterende bygninger, som Sliperiet og Tørkeriet, for å forhindre videre forfall. De anbefaler 3D-skanning for å dokumentere bygningene før anleggsarbeidet starter. 6 Sprengningsarbeid: - Sprengningsarbeid må gjennomføres med stor forsiktighet for å unngå skader på bygningene. Det anbefales dokumentasjon før og etter sprengning, samt bruk av tradisjonelle materialer som kalkmørtel ved eventuell skadeutbedring.	- Sjå kommentar ovanfor og i kommentar til Agder Fylkeskommune. - Det vert bygd ny veg ned til kraftverket. Denne vil gje passasje ned til Sliperiet på austsida av kraftstasjonsbygningen. På området bak Sliperiet er planlagt med midlertidig anleggsveg. Rett bak Sliperiet kan vert ikkje vegen tilbakerført slik at området kan nyttast ved vedlikehald av Sliperiet, sjå avsnitt 2.4.5 i detaljplanen for miljø og landskap. - Vi vurderer at dette er tiltak som er utanfor vilkåra i konsesjonen og som ikkje kan påleggast utbygger av NVE. Sjå elles til merknad til Risør kommune sitt innspel. - Sprenging vert utført forsiktig og grenseverdiar på Sliperiet vert overvaka. Tilstand før og etter vert dokumentert av fagfolk innan taksering og tilstandsvurdering. - Eventuell skadeutbetring vil skje i samråd med Fortidsminneforeningen.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		7 Engasjement for kulturminner: - Foreningen tilbyr hjelp med å søke om tilskudd til istandsettingsprosjekter, og ønsker å bidra til å redusere kostnadene for tiltakshaver. - De oppfordrer til en helhetlig løsning som ivaretar både næringsinteresser og kulturminneinteresser.	Utbygger noterer seg dette til eventuell seinare istandsetting av bygningsmassen.
5	Kjell Olav Masdalen	1 Støtte til andre høyringsvar: - Masdalen støtter fullt ut høyringsuttalelsen fra Fortidsminneforeningen Aust-Agder lokallag. - Han uttrykker også støtte til Risør kommunes fokus på å bevare de gamle fabrikkbygningene i Stifoss. 2. Historisk betydning av Stifoss: - Han fremhever Stifoss som et unikt industrihistorisk minne for hele Agder, spesielt viktig ettersom andre fabrikkbygninger, som tremassefabrikken på Søndeled, kan bli revet. - Stifoss representerer en kontinuerlig industrihistorisk linje fra 1600-tallet og fremover, med stor betydning for distriktets utvikling. 3. Bevaring av hustufter fra Øvre Stifoss: - Masdalen påpeker viktigheten av å bevare hustuftene fra Øvre Stifoss, som er lokalisert i området for det planlagte tilriggingsområdet ved demningen. - Han nevner en tragisk brann fra 1878 der fire mennesker omkom, og understreker at denne hendelsen fortsatt lever i lokal folkeminne og bør respekteres. 4. Positiv holdning til kraftverket: - Lokalbefolkningen er generelt positive til byggingen av det nye kraftverket, men Masdalen fremhever at det er viktig at fabrikkbygningene i Stifoss blir sikret mot	- Sjå kommentarar til Fortidsminneforeningen og kommunane ovanfor. - Hustuftene vil bli bevart. - Det er flott at folk i nærområdet er positive. Viser ellers til kommentarane til Gjerstad og Risør kommune og Fortidsminneforeningen.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		forfall.	
6	Galina Tsygurova og Paul Watts	1. Ekteparet Watts er urolige for at den nye kraftstasjonen skal plasseres 20m fra deres bolig. Watts er urolige for stråling og støy. 2. Kraftstasjon i betong vil være skjemmende for utsikten fra bolighuset	- Stifoss kraftverk er planlagt med eit maksimalt spenningsnivå på 5,5kV. Dess høgare spenning vil dess høgare magnetisk felt vert skapt. Det er kjent at i ein avstand 10-20m frå ein 22kV-luftledning er den magnetiske feltet som regel under 0,4µT. (Statens Strålevern, Mars 2017). Lågare spenningsnivå skaper mindre magnetisk felt og jordkabel skapar mindre felt enn luftlinje. Avstanden frå næraste høgspenkabel til huset til Watts er om lag 30 meter. Strålinga frå kraftverket vil difor være svært låg inne i huset. - Utløp er dykka og generator har svært lågt turtall (300rpm), som lagar lite støy. Kraftstasjon i betongelement vil gje god støydemping. Viftene i kraftstasjonen vil kunne gje litt støy til omgjevnadane. Leverandørens sin tekniske dokumentasjon seier teoretisk 53dB i avstand 5 meter frå vifte. Støy avtek med 6dB ved dobling av avstanden, dvs 47dB i avstand 10 meter frå viftene og 41dB i avstand 20 meter frå viftene. Ca 30 meter frå kraftstasjonen vil viftestøy vere <40dB utandørs. Dette er under kravet innandørs (<42dB) etter forurensingsforskrifta. Viftene vil bli plasserte vekk frå huset til Watts. -Mønet til kraftstasjonen/takhatten er ca på kote 21,5. Dette er ca 2 meter <u>under</u> grunnmuren til huset til Watts. Mønet er lågare enn kollen bak kraftstasjonen og vesentleg lågare enn Sliperiet. Vi kan ikkje sjå at kraftstasjonen vil skjemme for utsikten.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		3. Hele miljøet rundt huset blir forandra ved at skog blir fjerna og anleggsvei blir etablert. 4. Watts er redde for at drikkevannet blir forurenset i byggeperioden. Watts har i dag drikkevann av god kvalitet. 5. Watts er uroa for vibrasjoner ved sprenging og støy i byggeperioden. 6. Watts forventer til sist at de ikke på noe tidspunkt under byggeperioden blir hindret fra å kjøre inn til eiendommen sin.	- Området blir noko forandra ved at skog nær vegen og trykkrøyret blir fjerna og veg bygd ned til kraftstasjonen. Etterkvart vil vegetasjonen bli reetablert og området framstå meir velhalde enn i dag. - Utbygger vil ta prøver av drikkevannet før og etter anleggsperioden. Dersom vatnet vert forringa, vil utbygger ta kostnaden med ny brønn. - Byggeperioden vil medføre støy frå anleggsarbeid og sprenging. Arbeidet blir utført på kvardagar mellom 7 og 19 og støykrav på dagtid (<60dB ved huset til Watts) vil bli overholdt. Byggherre vil også plassere ein vibrasjonsmålar på huset til Watts. Grenseverdiane for vibrasjonar vil vere som for eit normalt bolighus bygd i treverk. - AS Egeland's Verk er vegeigar og vegen er smal. Hovudsakleg vert vegen open i fri ferdsel i anleggsperioden. Vegen inn til Stifoss treng stadvis utbetring. Periodevis stenging i samband med utbetring av vegen må påreknast. Det vil også vere behov for å stenge vegen i kortare perioder for anna trafikk i samband med store transportar inn til anleggsområdet. Stengingar vil bli avtala i god tid med Watts og hytteeigarar i området og det vert forsøkt at vegstengingane fører til minst mogeleg ulempe for Watts, hytteeigarar og andre som nyttar vegen.

01.10.2024

For utbygger AS Egeland Verk:

Bystøl AS

Jens A. Melheim